



**GÁIVUONA SUOHPKAN
KÅFJORD KOMMUNE**
Drift og utvikling

007528/07

Det kongelige finansdepartement
Postboks 8008 Dep
0030 Oslo



Vår ref.
07/01044-001/ED

Arkivkode
143

Deres ref.

Dato
20.12.2007

**UTREDNING OM BETALING FOR BRUK AV AREAL I KYSTSONEN - INNSPILL
FRÅ LYNGEN, STORFJORD OG KÅFJORD KOMMUNAR**

Saka

Regjeringa går inn for at kommunane skal kunne krevje arealavgift i kystsona, det vil sei ein skatt eller ei avgift på installasjonar i kystsona først og fremst med tanke på oppdrett / havbruksanlegg. Det er ikkje tatt noko endelig avgjerd til dette. Dette vil bli fremma i ei eventuell lovendring.

Det er satt ned ei interdepartemental arbeidsgruppe som skal utrede ein del problemstillingar i forbindelse med innføring av ei slik avgift. Blant anna skal dei sjå på kva måte kommunen skal kunne krevje inn ei slik avgift og dei skal komme fram til et hensiktsmessig beregningsgrunnlag for ein slik avgift. Arbeidsgruppa ynskjer innspel frå berørte aktørar for å få et best mulig avgjerdsgrunnlag.

I innspelsdokumentet er det lista nokre aktuelle spørsmål der spm. 7 – 9 er spesielt retta mot kommunane:

7. Har kommunen ein kystsoneplan eller er det satt i gang arbeid med ein kystsoneplan?
8. Korleis er kunnskapsgrunnlaget og kompetansen knytta til planlegging i kystsona?
9. Opplever kommunen at det føreligg interessekonfliktar om bruk av kystsona, og er knapphet på kystareal et problem for vidare utvikling av næringsverksemd i kommunen?

Vidare er spm 10 og 11 aktuelle og svare på:

10. Kan det bli begrunna ein særskilt betaling til kommunane for bruk av areal i kystsona, og vil i så fall ein slik betaling kunne bidra til ein betre tilrettelegging av areal og reduksjon av mulige konfliktar om bruk av arealet?

11. Er det andre virkemidler som på ein betre måte kan bidra til å løyse eventuelle konflikhtar knytt til disponering av areal i kystsona?

Kommunane involverte i den planlagde kystsoneplanen for Lyngenfjorden; Lyngen, Storfjord og Kåfjord gir et felles innspel.

Bakgrunn

Den planlagde veksten i oppdrettsnæringa inneberer fleire konsesjonar og eit stort behov for egna sjøareal. Utfordringa for næringa er at langs store delar av kysten er det knapphet på egna lokalitetar og i tillegg er dei fleste kystkommunane i dag mindre interessert i å legge forholda til rette for havbruk på grunn av den lave økonomiske utteljinga. Kystsona er av stor betydning for miljøet, rekreasjon og friluftsliv, desse interessene vinn stadig øflare fram når den økonomiske verdiskapinga ikkje kjem kommunen til gode.

Næringa har derfor sjølv fremma forslaget om arealavgift for at dette skal gjere det meir attraktivt for kommunane å leggje areal til rette for oppdrett.

Dette forslaget er forankra i regjeringa sitt strategidokument for konkurransedyktig norsk havbruksnæring. Her står det blant anna;

"Konkurransen om kystareal øker, og havbruksnæringen må konkurrere om areal med blant annet skipstrafikk, fiske, turisme og rekreasjon. For å få til en allsidig og effektiv utnyttelse av kystsonen er det viktig at det skapes gode prosesser for prioritering mellom ulike interesser. Det er også viktig at havbruksnæringens interesser kommer fram og ivaretas gjennom aktiv og tidlig deltakelse i planprosesser.

Planlegging av kystsonen hører til under kommunene. For at kommunene skal ønske å sette av areal til havbruksnæringen må havbruksvirksomhet framstå som attraktivt for kommunene. Miljøvennlig og arealeffektiv produksjon, sammen med arbeidsplasser og tilknyttet næringsaktivitet, vil være forhold som påvirker kommunens vurdering av om arealet skal kunne brukes til havbruksformål."

Innspel

Lyngenfjorden har gode naturgitte forhold for oppdrett, men også for fiskeri og næringar knytt til reiseliv og rekreasjon. Fjorden har svært stor betyding kulturelt, som transportåre, som næringsveg og til rekreasjon, og den er svært viktig for området eigenart og identitet.

Et aukande press dei siste åra har ført til at kommunane har gått saman om å lage ein felles interkommunal kystsoneplan for Lyngenfjorden. Denne planen er i oppstartsfasen og det er nyleg gjennomført et forprosjekt til kystsoneplanen. Igjennom forprosjektet kjem det klart fram at kommunane ønskjer å involvere seg sterkare i forvaltninga av sjø og kystområda enn dei til no har vore.

Kommunen sitt virkemiddel ligg i plan- og bygningslova. Denne gjer kommunane mulighet til å prioritere arealbruk, men i mindre grad mulighet til å styre ressursbruken.

Ressursforvaltninga skjer gjennom sektorlover og er fragmentert på fleire statlege organ. For å sikre ei integrert og berekraftig kystsoneforvaltning er det derfor viktig at lovverket og forvaltningsrammene vært meir samordna enn dei er i dag.

7.

Kåfjord

I dag har Kåfjord kommune ein kystsoneplan frå 1995, denne har klare svakheiter spesielt i forhold til havbruk, der den ikkje har tatt høgde for den teknologiske utviklinga som har vore innanfor næringane. Områder som er avsett til akvakultur i kystsoneplanen er derfor for små og ofte lite egna i dag.

Storfjord

Storfjord kommune har ikkje utarbeida egen kystsoneplan.

Lyngen

Lyngen kommune har ein kystsoneplan frå 1999. Også denne har svakheiter i forhold til havbruk, då den teknologiske utviklinga har medført til andre lokaliseringmuligheter enn for 8 år sidan.

Det er planlagt oppstart av den interkommunale kystsoneplanprosessen på nyåret 2008.

Hovudutfordringa i kystsoneplanprosessen i Lyngen blir å gjere politiske veivalg nettopp i forhold til vidare utvikling innan oppdrett / havbruk i heile fjorden. Det er ønskjeleg å komme fram til ein god lokaliseringsstruktur i forhold til villfiskressurser og ikkje minst i forhold til smitte / sjukdom. Dette gjelder både havanlegg, landanlegg og slakteri.

Interessekonflikten mellom fiskeri og havbruk blir helt sentral. Men også interesser som reiseliv, naturvern, friluftsliv, fritid og hytteeigarar vil være viktige å ta med. I tillegg vil ein hovudutfordring være å få lokal verdiskaping ut av fjord ressursene.

8.

For å kunne forvalte kystområda på ein bærekraftig måte trengs det et godt kunnskapsgrunnlag om økosystemet og det biologiske mangfaldet i fjorden. Kunnskapsgrunnlaget for Lyngenfjorden er i dag spreidd på mange institusjonar og er lite tilgjenglig for dei enkelte forvaltningsmyndighetene. Det trengs et større løft innan datainnsamling, innsamling av eksisterande kunnskap og etablering av system / rutinar for at framtidig produsert kunnskap. Slik at denne kunnskapen blir samla og kan bli brukt til rulleringar av, og produksjon av planer og til saksbehandling.

Kompetansen knytt til planlegging i kystsona er begrensa, administrasjonane er små og det kan være litt tilfeldig kva for fagkunnskap den enkelte administrasjon innehar. Dagens situasjon er likevel slik at kommunane rundt Lyngenfjorden til saman har god kompetanse knytt til planlegging i kystsona. Det er høg planfagleg og prosess kompetanse, høg kompetanse innan kart og geodata og god kompetanse innan kystsonefaglege problemstillingar. Det er likevel store utfordringar i forhold til kompetanse då denne kompetansen er knytt til få personar som ofte har mange andre arbeidsoppgåver. Knapphet på ressursar gjer derfor at det er vanskelig å få utnytta den kompetanse som vært inneheldt lokalt.

9.

I gjennom konsesjonssøknader i Storfjord og Kåfjord det siste året har det komme klart fram interessekonfliktar i forhold til oppdrett. Konfliktane har dreia seg mot fiskeri og påvirking oppdrett har på lokale kommersielle fiskestammer, men og på økosystemet som heilhet. Ikkje minst har det og vore framheva at den lokal verdiskaping i oppdrettsnæringa har blitt sterkt redusert. Det viser seg at det er ein aukande interessekonflikt mellom oppdrett og andre interesser.

Kommunane ser derimot ikkje at knapphet på kystareal er noko stort problem for den vidare utviklinga, men ser heller på det som ein styrke at det fortsatt er mykje uutnytta areal som kan leggst til rette for ei balansert og bærekraftig utvikling.

10.

Mykje av ansvaret for integrert forvaltning av kystsona blir i dag lagt til kommunane igjennom kystsoneplanlegginga. Gode planer krevjar godt kunnskapsgrunnlag, høg kompetanse og gode prosessar. Samtidig er det viktig at planane er dynamiske og derfor må rullerast med jevne mellomrom, dette krev at kunnskapsgrunnlaget stadig vært oppdatert, at kompetanse vært opprettheldt og vært fornya og at prosessar vært kjørt med jevnlege mellomrom. Prosessane er tunge og krev samordning mellom dei mange forskjellige interessene og ikkje minst svært god samordning med dei forskjellige sektormyndighetene. Når rammeverket er såpass fragmentert som det er i dag er dette ekstra krevjande for små kommunar. Det kan derfor seiast at det er relativt ressurskrevjande å lage dynamiske og gode kystsoneplanar.

Som det kjem fram av regjeringa sitt strategidokument for konkurransedyktig norsk havbrukssnæring vil det være ei offensiv satsing dei næraste åra med tildelingar av konsesjonar kvart år. Utan godt planverktøy vil det være krevjande for kommunar å balansere utviklinga i sjøområda når arealtrengande oppdrettsbedrifter ønskjer nye egne areal.

Den viktigaste motivasjonen for å lage kystsoneplan i Lyngenfjorden er lokal næringsutvikling og verdiskaping, men det er og et sterkt ønske frå kommunane å kunne være med å forvalte kystområda på ein bærekraftig og heilhetlig måte. Sidan lokal næringsutvikling og verdiskaping er såpass sentralt som motivasjon er det viktig å stimulere for dette. Ei arealavgift vil kunne være et slikt virkemiddel. Og som næringa sjølv ønskjer vil denne kunne knytte næringa tettare saman med kommunane i utviklinga av nye kystsoneplanar.

Generelt kjem lite av den lokal verdiskapinga i oppdrettsnæringa kommunane til gode, men dette er sjølv sagt avhengig av kor bedrifta skattar og kor mottak, slakteri og foredlingsbedrifter er lokalisert. Trenden er uansett at oppdrettsnæringa vært sentralisert og mindre og mindre kjem lokalsamfunnet til gode.

Jamfør argumentasjonen over vil det og virke rimelig at kostnadane kommunen har til planlegginga i kystsona dels vert inndecka gjennom skattar og avgifter frå kommersielle næringsinteresser.

Kystareal er og felles areal, til eksempel gir ein oppdrettskonsesjon ein eksklusiv rett på areal, denne retten vært betalt for gjennom konsesjonsavgifta. Konsesjonsavgifta går i liten grad tilbake til dei lokale område som får konsekvensar av tiltaket. Dette er også et argument for ei areal avgift som tilfaller kommunen. Dette bør sjøast i samanheng med ei redusert konsesjonsavgift.

Når det gjeld beregningsgrunnlaget er dette ei stor utfordring. Avgifta må ikkje ramme fritidsbruk, men kun kommersielle aktørar. Samtidig innanfor oppdrettsnæringa er det først og fremst lakse- og ørret næringa i dag som har god fortjeneste og derfor lite vanskar med ei slik avgift. I Lyngenfjorden er det i dag også torskeoppdrett, for denne næring vil ei slik avgift svi betraktelig meir og kanskje holde utviklinga nede. Enda større belastning vil det nok være for dei som har hatt mot nok til å satse på havbeite. Dette kan dels løysast med å avgiftsbelegge biomasse i anlegget heller enn beslaglagt areal. Dette vil og være meir rettferdig i forhold til miljøpåverknader.

Kva då med andre næringar som legg beslag på areal i sjøområda? for Lyngenfjorden er det i dag få andre aktørar som på liknande måte legg beslag på sjøareal utan at det kjem fellesskapet til gode på nokon måte, areal avgifta kan derfor være eksklusivt retta mot oppdrettsnæringa på lik linje med eigedomsskatt på vasskraftverk.

Ei anna løysing kan være å beskatte etter resultat. Dermed vil bedriftene skatte etter evne. Dette kan være ei god løysing i forhold til å stimulere til andre oppdretts artar enn laks og ørret, samtidig vil det ikkje forsvare verken fellesskapet sine "tapte" sjøareal, miljø konsekvensar eller kommunen sin kostnader i kystsoneplanlegginga.

Ei kreativ løysing som absolutt vil stimulere til aktiv kystsoneplanlegging vil være å differensiere arealkategoriane i planen etter oppdrettstype. Dette vil krevje ei aktiv medvirking frå næring, forvaltning og kanskje forskingsmiljø og. Dei forskjellige oppdrettstypene / arealkategoriane kan skattleggast forskjellig, skatten blir då berekna ut i frå oppdrettstype og biomasse. Dette vil være ei god løysing, men vil og krevje ei endring av plan- og bygningslova.

Ei anna utfordring enn beregningsgrunnlaget er fordeling av avgifta. Mange fjordar som Lyngfjorden har fleire kommunar som "eigarar". Fjordbassenget er et eige økosystem og det er viktig at det blir forvalta deretter og ikkje etter kommunegrensene. For å stimulere til interkommunale kystsoneplanar og for at ikkje kommunegrenser framfor økologiske faktorar og interessekonfliktar skal gjelde for akvakultur lokalitetar bør avgifta tilfalle et forvaltningsområde for et sjøområde / fjordbasseng framfor ein enkelt kommune.


11.

Det er få andre virkemiddel forutan kystsoneplanlegging i dag som har same mulighet til konfliktforebygging og konfliktløysing i dag og vidare balansert og bærekraftig forvaltning. Det er derfor viktig å gi kommunane incentiv til å fokusere på desse oppgåvene. Arealavgift berekna og fordelt på ein god måte vil kunne gi kommunane et slikt incitament.


I tillegg bør det brukast fleire statlige midlar for å auke kunnskapen om lokale kyst økosystema og forankre denne kunnskapen i forvaltningssystemet.

For kommunane Storfjord, Lyngen og Kåfjord.

Med hilsen



Eirik Djupvik – arealplanlegger



Håkon Jørgensen – rådmann

Kopi til:

- Storfjord kommune
- Lyngen kommune